



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

# Årsmelding 2012

## Hovudutval for samferdsle





Foto: Ole Ingar H. Hæreid, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Hovudutval for samferdsle legg med dette fram årsmelding for 2012.

Årsmeldinga er utarbeidd av samferdsleavdelinga.  
Det er innhenta materiale frå Statens vegvesen Region vest.

Hermansverk, april 2013

Hovudutval for samferdsle

Arnstein Menes (Sp), leiar  
Helen Hjertaas (Ap), nestleiar

|                            |                           |
|----------------------------|---------------------------|
| Anders Ryssdal (Sp)        | Ole Gunnar Krakhellen (H) |
| Bjørg Bergheim (Sp)        | Frank Willy Djuvik (Frp)  |
| Odd Atle Stegegjerdet (Ap) | Norunn Lunde Furnes (KrF) |
| Olin Johanne Henden (H)    |                           |

Velaug Veum  
Fylkesdirektør for samferdsleavdelinga

## INNHOLD

|   |           |
|---|-----------|
| <b>POLITISK STYRING .....</b>   | <b>5</b>  |
| HOVUDUTVAL FOR SAMFERDSLE.....  | 5         |
| TRAFIKKTRYGGINGSUTVALET.....  | 5         |
| <b>ADMINISTRASJON - SAMFERDSLEAVDELINGA.....</b>                      | <b>6</b>  |
| FELLES.....   | 6         |
| <b>SAMFERDSLE .....</b>   | <b>8</b>  |
| SAMFERDSLEAVDELINGA .....   | 8         |
| <i>Rammevilkår/økonomi.....</i>                                       | <i>8</i>  |
| <i>Organisering.....</i>  | <i>8</i>  |
| REGIONAL TRANSPORTPLAN (RTP) 2014–2023.....                           | 9         |
| KOLLEKTIVTRANSPORT.....   | 10        |
| <i>Økonomi.....</i>   | <i>10</i> |
| <i>Bussruter med rekna skuleskyss .....</i>                           | <i>10</i> |
| <i>Båtruter.....</i>  | <i>11</i> |
| <i>Ungdomstilbod.....</i>   | <i>12</i> |
| <i>Drosjer .....</i>  | <i>12</i> |
| <i>Ruteinfo .....</i>   | <i>14</i> |
| <i>Universell utforming.....</i>                                      | <i>14</i> |
| <i>Takstar.....</i>   | <i>14</i> |
| ANBOD .....   | 14        |
| <i>Båt.....</i>   | <i>14</i> |
| <i>Samarbeid med andre .....</i>                                      | <i>15</i> |
| FYLKESVEGAR.....  | 16        |
| <i>Sams vegadministrasjon .....</i>                                   | <i>16</i> |
| <i>Handlingsprogram for fylkesvegnettet .....</i>                     | <i>16</i> |
| <i>Ressursbruk .....</i>  | <i>16</i> |
| <i>Forfall på fylkesvegnettet .....</i>                               | <i>16</i> |
| <i>Programområde 62 Vegar.....</i>                                    | <i>17</i> |
| <i>Drift- og vedlikehald.....</i>                                     | <i>17</i> |
| <i>Fylkestrafikktryggingsutvalet og trafikk-tryggingstiltak .....</i> | <i>17</i> |
| <i>Fylkesvegferjene .....</i>   | <i>17</i> |
| <i>Veginvesteringar og rassikring.....</i>                            | <i>18</i> |
| <i>Store vegprosjekt .....</i>  | <i>20</i> |
| <i>Nøkkeltal for fylkesvegnettet .....</i>                            | <i>21</i> |
| FYLKESTINGSSAKER FOR SAMFERDSLE .....                                 | 23        |
| SAKSOVERSYN 2012.....   | 23        |
| MÅLEKART – SAMFERDSLE.....  | 25        |

## POLITISK STYRING

### Hovudutval for samferdsle

Hovudutval for samferdsle var sett saman slik i 2012:

| Representantar   | Vararepresentantar  |
|--|---|
| Arnstein Menes (Sp), leiar<br>Anders Ryssdal (Sp)<br>Bjørg Bergheim (Sp) | 1 Tore Bråstad<br>2 Gro Starheimsæter<br>3 Jan Magne Herstad<br>4 Martine Stensrud Holsæter<br>5 Ragnhild Marie Solheim |
| Helen Hjertaas (Ap), nestleiar<br>Odd Atle Stegegjerdet (Ap)             | 1 Laila Rinde<br>2 Harald Offerdal<br>3 Arvid Stenehjem<br>4 Srilogarajah Pasupathi<br>5 Marie Helene Brandsdal         |
| Olin Johanne Henden (H)<br>Ole Gunnar Krakhellen (H)                     | 1 Bjørn Nordberg<br>2 Harald Kvame<br>3 Marte Heimdal Leirvåg<br>4 Sissel Loen  |
| Frank Willy Djuvik (FrP)   | 1 Lars Kjølen<br>2 Elin Merete Førde<br>3 Anders Magne Vik  |
| Norunn Lunde Furnes (KrF)  | 1 Bjørn Harald Haugsvær<br>2 Frode Bøthun<br>3 Maren Kristine Håland  |

### Trafikktryggingsutvalet

Følgjande personar var medlemmer i trafikktryggingsutvalet ved utgangen av 2012:

| Representantar                | Vararepresentantar   |
|-------------------------------|--|
| Liv Stave (H), leiar          | Anita Jørani Heggen<br>Einar Målsnes<br>Anders Kristian Sægrov |
| Nils P. Støyva (Ap) nestleiar | Odd Atle Stegegjerdet<br>Helene Hjertaas<br>Henrik Oppen       |
| Bjørg Bergheim (Sp)           | Arnstein Menes<br>Gro Starheimsæter<br>Tore Bråstad            |
| Alfred Bjørlo (V)             | Frank Willy Djuvik<br>Rita Navarsete<br>Britt Dalsbotten       |
| Norunn Lunde Furnes (KrF)     | Beate Bondevik Lie<br>Frode Bøthun<br>Hanna Sofie Sæterlid     |

## ADMINISTRASJON - SAMFERDSLEAVDELINGA

### Felles

Velaug Veum, fylkesdirektør  
Liv-Wenche Hjelmeland, konsulent

Veg:  
Ole Ingar Hæreid, nestleiar  
Lars Erik Lunde, seniorrådgjevar  
Kåre Forslund, seniorrådgjevar  
Øystein Wilkensen, rådgjevar

Kollektiv:  
Eva S. Fosshagen, fagkoordinator kollektiv  
Oddveig Hove, førstekonsulent

Monica Åsnes, førstekonsulent  
Øystein Hunvik, seniorrådgjevar  
Eva Hamre, rådgjevar  
Inge Horstad, rådgjevar  
Knut Gunnar Fonn, spesialkonsulent  
Inger Grete Skjeldestad, spesialkonsulent  
Jens Petter Bøe, spesialkonsulent

Tilsette frå 01.01.2012:  
Frode Romarheim, rådgjevar  
Arvid Ryland, spesialkonsulent

## SAMFERDSLE

Kvar einaste dag er samferdsla heilt naudsynt for den einskilte, enten vi som menneske går, syklar, reiser kollektivt, reiser med bil, sender eller mot tek varer og gods.

Bilen er utan tvil den viktigaste forma for dagleg persontransport. Bussar og båtar si rolle har vore relativt konstant sidan 1990.

### Visjon for samferdsla i Sogn og Fjordane:

Vi skal ha eit fylke der det er trygt og enkelt å ferdist

### Samferdsleavdelinga

#### Rammevilkår/økonomi


Samferdsla i fylket hadde i 2012 eit samla driftsbudsjet på 1067,4 mill. kr. Midlane gikk til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet, kollektivtrafikk, ferjedrift, trafikktrygging og investeringar.

#### Organisering

Samferdsleavdelinga er leia av fylkesdirektør for samferdsle. Det er tilsett to nye personar innan kollektivtrafikkområdet i 2012.

#### Fordeling av midlar i samferdslesektoren

|                                     |         |
|-------------------------------------|---------|
| Bussruter                           | 221,5   |
| Båtruter                            | 121,1   |
| Andre kollektivtiltak               | 26,3    |
| Drift og vedlikehald av fylkesvegar | 341,8   |
| Skadefond fylkesvegnettet           | 50,2    |
| Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) | 7,7     |
| Ferjedrift                          | 120,4   |
| Driftsmidlar til investering        | 177,4   |
| Til disposisjon for hovudutvalet    | 1,0     |
| Totalt                              | 1 067,4 |



## Regional transportplan (RTP) 2014–2023

Arbeidet med RTP byrja i desember 2011 med utarbeiding av planprogram. Etter offentleg ettersyn i april-juni 2012, vart planprogrammet vedteke i fylkesutvalet i møte 27. juni 2012.

Med utgangspunkt i vedteke planprogram og med brei medverknad frå andre, er det arbeidd med kartlegging av status og utfordringar for transportsektoren i fylket. Vidare vert det utarbeidd mål og strategiar

for samferdsla i Sogn og Fjordane, samt eit handlingsprogram med tiltak for gjennomføring.

Regional transportplan m/handlingsprogram vert lagt fram for fylkestinget for godkjenning i desember 2013. RTP skal vere eit godt kunnskaps- og verdigrunnlag og ein langsiktig strategiplan for samferdsla i fylket.



Foto: Sogn og Fjordane fylkeskommune

## Kollektivtransport

### Økonomi

Samferdsle sitt budsjett vart for 2012 utarbeidd på grunnlag av fleirårige avtalar for kjøp av busstenester og båtrutetenester, i tillegg til andre avtalar. Budsjettet til kollektivtransport var i 2012 på 368,9 mill. kr. Innan kollektivtrafikken går vel 221,5 mill. kr til bussruter og 121,1 mill. kr til båtruter, inkl. skuleskyss.

Andre tiltak i budsjettet til kollektivtrafikk er mellom anna ulike ungdomstilbod, gods-ruter, passasjerterminalar, tilrettelagt transport og serviceskyss.

Kommunane Flora og Gulen fekk til saman 1,9 mill. kr for kompensasjon for meir-utgifter på lokale båtruter.

Rekneskapen for 2012 syner eit mindreforbruk på om lag 11,4 mill. kr i høve budsjettet for programområde 63 samferdsle – kollektivtrafikk. Mindreforbruket ligg på tilskot/skuleskyss og kompetansemodulane på buss, ungdomskort og båt.


### Bussruter medrekna skuleskyss

Totalt vert det kjøpt tenester fra rutebilselskapa for 218,7 mill. kr i 2012. Fylkeskommunen brukte 28,8 mill. kr til undertransportørar, og 25,3 mill. kr til vidaregåande skuleruter.

Kjøp av personruter med buss vert kostnadsrekna utifrå ein km-pris. Den var kr 24,70 pr. kilometer i 2012, noko som er 3,5 prosent høgare enn i 2011. Kilometerprisen har fire komponentar i seg: Drivstoff, løn, kapitalkostander og andre kostnader. Komponentane som gir oss størst kostnadsauke kvart år er stort sett drivstoff og løn.

Rutetilbodet vart videreført i 2012 med nokre små endringar.

Bussrutene i det fylkeskommunale tenestekjøpet hadde 1 668 156 passasjerar i 2012, som er ein auke i høve 2011 på 77 398 passasjerar. Passasjertalet syner vanleg reisande utanom skuleelevar. Grunnen til den store auken frå 2011 til 2012 er at ruteselskapa no har betre registrering av kortbrukarar.



Bussruter i det fylkeskommunale tenestekjøpet. Beleggsprosenten (passasjerkilometer / plasskilometer) for personruter med buss med fylkeskommunalt tilskot var i 2012 på 27 %. I 2011 var talet 25 %.



Foto: Sogn og Fjordane fylkeskommune



Foto: Sogn og Fjordane fylkeskommune

## Båtruter

### Skuleskyss, veglause grender og bygderuter.

For 2012 vart det kjøpt tenester til skuleskyss, veglause grender og bygderuter for 8,9 mill. kr. Fylkeskommunen yter tilskot til følgjande kommunar for utføring av bygderuter båt:

- Selje
- Flora
- Luster
- Solund
- Veglause grender
- I tillegg får Helse Førde eit tilskot

Dei budsjetterte midlane vart ikkje nytta fullt ut. Lågare pris på mindre anbod og rasjonelle lokale løysingar er forklaringa på dette.

Aurland kommune fekk eit tilskot på kr 728 000 til dekking av skuleskyss med båt for 2012, noko som er tilsvarande kostnaden for buss til/frå Sogndal.

### Ekspress og Lokalruter

Det vart kjøpt Ekspressbåtruter og lokalbåtruter for 109 mill. kr i 2012.

1. mai starta dei nye avtalane som vart inngått etter anbodskonkurranse. Norled

kom inn som ny transportør på dei store ekspressane til Bergen.

Rutene som vert kjøpt frå Norled er:

- Nordfjord – Bergen  
(hovedruta på kysten)
- Bergen – Nordfjord (Speilvendten)
- Sogndal – Bergen – Sogndal  
(Sognebåten)
- Bergen – Flåm – Bergen  
(Sommarrute)

Fjord1 er transportør på lokalrutene i fylket vårt. Rutene fylkeskommunen kjøper hjå Fjord1 er:

- Ytre Sogn
- Indre/Midtre Sogn
- Flora, Bremanger og Vågsøy

Alle dei budsjetterte midlane vart ikkje nytta. Hovudavvika i forhold til budsjettet knyter seg til høgare billettinntekter, prisvekst-komponenten i avtalane og Losvesenet inn som ny kunde i Florabassenget.

### Godsbåt

Det vart kjøpt godsbåttenester for 3,128 mil kr i 2012. Etter anbodskonkurranse kom det inn ny operatør på ruta – Kyst1.




|                                   | Rekneskap<br>2010 | Rekneskap<br>2011 | Rekneskap 2012 | Budsjett<br>2012 |
|-----------------------------------|-------------------|-------------------|----------------|------------------|
| Busstransport                     | 186,3             | 204,1             | 218,7          | 221,5            |
| Ungdomstilbod                     | 11,1              | 10,9              | 9,4            | 10,2             |
| TT- transport                     | 5,6               | 5,6               | 5,6            | 5,6              |
| Serviceskyss                      | 1,3               | 2,2               | 3              | 2,2              |
| Båttransport                      | 87,3              | 104,2             | 112,4          | 121,1            |
| Div. (terminalar, rutehefte osv.) | 13,9              | 7,5               | 8,5            | 8,4              |
| Sum kollektiv                     | 305,3             | 334,5             | 357,5          | 369              |

## Ungdomstilbod

### Ungdomskort

Fylkeskommunen nytta 6,94 mill. kr til ungdomskort i 2012. Dersom det vert sett vekk frå juli og august då bruken er låg, vart det i 2012 i snitt seld 1 092 elektroniske kort til ungdommar per månad.

Ungdommane i alderen 16-19 år i Sogn og Fjordane var på 6 420 personar der 17 % av ungdommane nytta ungdomskortet i 2012, ein auke på 0,8 % frå året før.



### «Trygt heim for ein 50-lapp»

Det vart nytta nærmare 1,4 mill. kr til «Trygt heim for ein 50-lapp» i 2012, 0,2 mill. kr meir enn budsjettert.

«Trygt heim for ein 50 – lapp» har som mål å få ungdom trygt heim frå tettstadar etter festar og andre arrangement i helgane. Transporten vert utført av drosje. For skuleåret 2012/2013 går tilboden frå Eid, Stryn, Sogndal, Førde, Florø, Sandane,

Høyanger og Øvre Årdal natt til søndag. Det er totalt 33 ruter på dei åtte nemnde tettstadene. Høyanger og Stryn har berre tingingsruter, medan dei andre stadane har ei blanding av faste ruter og tingingsruter. Frå Øvre Årdal går tilboden nokre gonger i året.

Det var 6 598 passasjerar som nytta «Trygt heim for ein 50-lapp» i 2012, noko som er ein nedgang på 17,2 % frå året før. I 2012 var det 908 passasjerar som nytta «Trygt heim for ein 50-lapp» om sommaren. I tillegg går nokre midlar til russe og diverse andre arrangement.

### Lokale Transporttilbod

Det vart nytta 1 mill. kr til Lokale transporttilbod for ungdom i 2012. Til Lokale transporttilbod for ungdom(LTU) kan kommunar og ungdomsråd søkje om midlar til transport som skal gjere det lettare for ungdom å kome seg til og frå fritidsaktivitetar, spesielt om kveldane. I 2012 fekk 16 kommunar i fylket utbetalte tilskot.

### Drosjer

Det var 51 tilrettelagde drosjer for rullestolbrukarar i 2012, som er ein oppgang på 8 frå året før. Den relative delen av tilrettelagde drosjer for rullestolbrukarar var 31 pst. i 2012. Hornindal kommune har ikkje tilrettelagd drosje.

Det har synt seg at det er vanskeleg å få kjøpe ny drosjebil som er universelt utforma.

## Årsmelding 2012

Det er svært få personbilar å få kjøpt som stettar kravet til forskrifta. På vestlandsvegane ynskjer løyvehavarane å vere utsyrt med 4 hjulstrekkarar. Diverre er desse bilane vanskeleg å få universelt utforma.



Bilde frå bladet TAXI, Atle Hagtun

| Kommunar   | Tal<br>tilrettelagde<br>drosjer | Tal drosjer<br>totalt |
|------------|---------------------------------|-----------------------|
| Gaular     | 5                               | 8                     |
| Flora      | 5                               | 14                    |
| Årdal      | 3                               | 6                     |
| Gloppen    | 3                               | 11                    |
| Gulen      | 2                               | 7                     |
| Stryn      | 3                               | 10                    |
| Vågsøy     | 2                               | 9                     |
| Eid        | 2                               | 8                     |
| Fjaler     | 2                               | 10                    |
| Førde      | 2                               | 10                    |
| Leikanger  | 3                               | 3                     |
| Luster     | 2                               | 7                     |
| Vik        | 1                               | 4                     |
| Askvoll    | 1                               | 6                     |
| Aurland    | 1                               | 3                     |
| Balestrand | 1                               | 3                     |
| Bremanger  | 2                               | 9                     |
| Høyanger   | 1                               | 5                     |
| Jølster    | 1                               | 4                     |
| Lærdal     | 2                               | 4                     |
| Selje      | 2                               | 5                     |
| Sogndal    | 3                               | 10                    |
| Hornindal  | 0                               | 2                     |
| Hyllestad  | 0                               | 0                     |
| Naustdal   | 1                               | 2                     |
| Solund     | 1                               | 2                     |
| Totalt     | 51                              | 162                   |

Tal tilrettelagde drosjer og tal drosjer totalt i kommunane i Sogn og Fjordane.

I 2012 arrangerte samferdsleavdelinga ein konferanse for å belyse vanskane ved kjøp av bil som er universelt utforma. Det er oppretta ei samarbeidsgruppe frå samferdsleavdelinga, Statens vegvesen og Norges Taxiforbund avd. Sogn og Fjordane. Gruppa skal prøve å få kartlagt kva bilar som vert godkjende som universelt utforma drosje.



Bilde frå bladet TAXI, Atle Hagtun

### Tilrettelagt transport

For tilrettelagd transport (TT) vart det til kommunane i Sogn og Fjordane løvd totalt 5,6 mill. kr i 2012. Tilrettelagt transport er transport som er tilpassa kvar enkelt brukar etter behov, der brukaren får tildelt ein sum kvart år. Løyvingane til tilrettelagd transport er fordelt på ei hovudløyving og ei ekstraløyving kvart år. Storleiken på hovudløyvinga til den einskilde kommunen avheng av kommunen sitt folketal og utgjorde kr 40 per innbyggjar i 2012. Ekstraløyving vert gjort etter søknad. Det var 21 kommunar som søkte om ekstraløyving i 2012 og alle kommunane fekk den summen dei søkte om.

### Serviceskyss

I 2012 var det serviceskyss i kommunane Leikanger, Balestrand, Fjaler og Gaular, Askvoll, Hyllestad, Naustdal, Gulen, Luster, Gloppen, Vågsøy, Flora, Solund og Sogndal. Det vart brukt 2,8 mill. kr til serviceskyss i 2012 – ein liten auke i høve 2011. Det vart «flytta» over 0,2 mill. kr frå bussruter til Serviceskyss i 2012. Det var 18 283 brukarar av serviceskyssen i 2012. Tal brukarar har auka med 1 000 i høve 2011.

## Ruteinfo


Fylkeskommunen ytte i 2012 tilskot på til saman 1,7 mill. kr til fylkesdekkande ruteinformasjon gjennom felles rutehefte for buss, båt og ferje, og, samt til ruteopplysingtelefonen 177 for Sogn og Fjordane. Fylkeskommunen kjøpte domene til nettsida [ruteinfo.net](http://ruteinfo.net) i 2012.

Fram til 1. mai 2012 drifta 1881 i Lærdal ruteopplysningstelenonen 177. Frå 1. mai 2012 har HT-Safe på Hamarøy drifta 177. I 2012 var det 34 907 anrop i opningstida, der 30 857 eller 88,4 % vart svart på, mot 90 % i 2011. Tal inngående anrop har gått ned med 11 949 samanlikna med 2011. Til samanlikning har bruken av ruteinfo.net hatt ein stor auke.

## Kollektivtilbod; buss med godt trafikkgrunnlag

Det vart nytta 1,7 mill. kr til billigare billettar på bybussen i Førde og Florø, og auka frekvens mellom Sogndal og Leikanger. Billettprisen er kr 20 for vaksne og kr 10 for born på bybussane Florø og Førde.

Utviklinga på tal reisande i Førde og Florø ser slik ut:



## Anbod


### Båt

Alle dei store båtavtalane har vore ute på anbod. I 2010 og 2011 vart det gjennomført til saman fem anbod på ekspressbåt og lokale båtruter som alle hadde oppstartsdato 1. mai 2012.

Norled vann anboden på ekspressbåtane og frå mai 2012 er det dei som har ansvaret for ekspressbåtane mellom Bergen og Sogn og Fjordane.

Som diagrammet viser aukar tal reisande i Førde, medan Florø er stabilt. Billigare billettar har likevel ikkje ført til så mange fleire reisande på bybussane at inntektene har gått opp.

Når det gjeld auka frekvens mellom Sogndal og Leikanger er utviklinga slik på dei nye avgangane:



Som diagrammet viser er det fleire som nyttar bussen frå Leikanger enn frå Sogndal. Det har vore ein auke i tal brukarar frå 2011 til 2012.

## Universell utforming

Det vart ikkje søkt om BRA- midlar i 2012.

## Takstar

1. januar 2012 var det ikkje takstauke på enkeltbillettar og månadskort. Prisen på ungdomskortet var kr 350 – det same som både i 2009, 2010 og 2011.

Fjord1 vann alle tre anboda på lokalruter og har dermed ansvar for dei rutene.

Kyst1 vann anboden på godsbåten mellom Bergen og kysten opp til Askvoll.

I samband med anbod på lokalrutene gjorde Fylkestinget vedtak om nivået på det fylkeskommunale rutetilbodet med båt. I anbodsutlysinga vart det opna for at kommunane kunne få opsjon på ruter for å få eit betre tilbod enn det fylkeskommunale

## Årsmelding 2012

minstetilbodet. Dei fleste kommunane valde å nytte denne ordninga for at innbyggjarane skulle få eit rutetilbod tilsvarande det dei har hatt tidlegare.

Med dette siste anboden har alle båtrutene i fylket vore ute på anbod. Oppstart for alle båtanboda er 1. mai 2012. Rutetilboden i 2011 var det same som det skal vere etter 1. mai 2012.

### Buss

Rutetilboden i Nordfjordkommunane Selje, Vågsøy, Eid, Hornindal og Stryn vart sendt ut på anbod 22. november 2012. Dette er det første bussanboden i Sogn og Fjordane. Oppstart på køyringa er 23. juni 2014.

I samband med anbodsarbeidet er det inngått langsiktig leigeavtale på rutebilterminalane i Stryn og på Nordfjordeid. Desse avtalane sikrar bruksrett på terminalane på nivå med i dag.

Samferdsleavdelinga har i 2012 bygt opp organisasjon og kompetanse som er nødvendig for å vere rusta for dei utfordringane som kjem som følge av anbodsutsetting.

Parallelt med anbodsarbeidet for rutene i Nordfjord er det og starta arbeid med innhenting av detaljinformasjon på rutene i Sunnfjordregionen. Sommar/haust 2012 vart alle haldeplassane i området registrert og dei skal i neste omgang brukast som grunnlag for den vidare ruteplanlegginga.

### Samarbeid med andre

Fylkeskommunen arrangerte rutemøte med busselskapa i 2012 og fylkeskommunen var med i Vestlandsrådet si samferdslegruppe.

Fylkeskommunen deltok på årsmøtet til Norges Taxiforbund Sogn og Fjordane i 2012.

Sogn og Fjordane fylkeskommune er i lag med alle dei andre fylkeskommunane medlem i Kollektivtrafikkforeningen. Denne foreninga er ein svært god deling/læringsarena på det som har med kollektivtrafikk å gjere. Det er svært mange fagfolk i dei ulike fylkeskommunane som vi kan få hjelp av. Etter kvart som vi tileignar oss kunnskap ser vi at også vi i Sogn og Fjordane fylkeskommune kan bidra inn i fellesskapet.



## Fylkesvegar

### Sams vegadministrasjon

Statens vegvesen har det operative ansvaret for oppfølging av fylkesvegnettet på vegner av fylkeskommunen. Vi nyttar sams vegadministrasjon for riks- og fylkesvegar i Norge. Styringa av Statens vegvesen skjer gjennom den årlege leveranseavtalen. Fylkeskommunen har eitt tett og godt samarbeid med Statens vegvesen.

Samarbeidet med Statens vegvesen gjennom sams vegadministrasjon har fungert godt. Saman med Statens vegvesen er det innført ei ordning med samarbeidsmøte med kommunane i fylket. I 2012 vart det gjennomført samarbeidsmøte med kommunane Vik, Leikanger, Sogndal Aurland og Luster.

### Handlingsprogram for fylkesvegnettet

Handlingsprogrammet for fylkesvegnettet 2010–2013 er utgangspunktet for all aktivitet knytt til fylkesvegane. Handlingsprogrammet har m.a. som mål å fullføre investeringsprosjekta Bremangersambandet og Dalsfjordsambandet innan 2013. Det er i tillegg ei målsetting å stoppe forfallet på fylkesvegnettet i planperioden.

### Ressursbruk

Det vert stadig brukt meir ressursar til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Det vart i 2012 nytta 374,3 mill. kr brutto. Dette er ein auke på 52,2 mill. kr samanlikna med 2011.

Den store auken frå 2011 skuldast m.a. opprydding etter skadane frå uveret 25.-26. desember i 2011. Statens vegvesen har berekna dei samla skadane til om lag 108 mill. kr. Den største skaden fekk vi på fv. 664 Otterdalsstranda i Hornindal kommune, der 1,7 km av vegen vart vaska vekk og bygda Otterdal mista vegsambandet. Fylkeskommunen fikk 69,8 mill. kr i skjønningsmidlar frå staten i samband med

skadane på fylkeskommunal infrastruktur. Det vart løvd 26 mill. kr av desse midlane til drift og vedlikehald i 2012. Resten av midlane vart tilført skadefondet for fylkesvegnettet og overført til 2013 for å dekke kostnadene med oppbygging av fv. 664 til Otterdal.

Investeringsaktiviteten har vore høg i 2012. Det vart samla brukt 688,5 mill. kr til investeringar. Dette er ein auke på 111,1 mill. kr samanlikna med året før. Det er hovudsakleg dei store prosjekta Bremangersambandet, Dalsfjordsambandet og Olden-Innvik som krev store investeringsmidlar.

Bygginga av Bremangersambandet vert rimelegare enn det som var lagt til grunn då prosjektet starta. Dette har gjeve eit økonomisk handlingsrom til å kunne handtere fleire uføresette skader på fylkesvegnettet og gjennomføre eit høgare aktivitetsnivå på investeringar samla sett.

### Forfall på fylkesvegnettet

I 2010 overtok vi eit vegnett i forfall. I samband med arbeidet med Nasjonal transportplan 2014–23 har Statens vegvesen har registrert eit samla behov på om lag 4,0 mrd. kroner for å fjerne forfall og gjere tilhøyrande nødvendige oppgraderingar på fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane. Av dette er om lag 2,6 mrd. kroner knytt til tunnelar, om lag 150 mill. kroner gjeld bruver og om lag 50 mill. kroner gjeld ferjekaier. Det er også betydelige behov knytta til vegoverbygning (om lag 520 mill. kroner), vegutstyr og miljøtiltak (om lag 450 mill. kroner), og drens- og avløpsanlegg (om lag 200 mill. kroner). Det er heilt urealistisk å auke standarden utan eit eige statleg program for rehabilitering av fylkesvegnettet.

## Programområde 62 Vegar

I 2012 var budsjettet på programområde 62 Vegar på 698,5 mill. kr.

| <b>Driftsutgifter til fylkesvegføremål</b> | <b>Rekneskap 2010</b> | <b>Rekneskap 2011</b> | <b>Rekneskap 2012</b> | <b>Budsjett 2012</b> |
|--|-----------------------|-----------------------|-----------------------|----------------------|
| Drift og vedlikehald (netto)               | 225,6                 | 284,1                 | 343,8                 | 341,8                |
| Skadefond for fylkesvegnettet              | 0,0                   | 13,9                  | 50,2                  | 50,2                 |
| FTU-arbeid og tiltak                       | 3,8                   | 5,4                   | 6,4                   | 7,7                  |
| Fylkesvegferjer                            | 121,0                 | 114,7                 | 119,4                 | 120,4                |
| Tilskott og prosjekt                       | 0,5                   | 0,5                   | 1,0                   | 1,0                  |
| Driftsmidlar til investering               | 101,2                 | 194,4                 | 177,4                 | 177,4                |
| <b>Sum</b>                                 | <b>452,1</b>          | <b>613,0</b>          | <b>698,2</b>          | <b>698,5</b>         |

### Drift- og vedlikehald

Det var i budsjettet for 2012 sett av 341,8 mill. kr netto til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Rekneskapen syner eit netto meirforbruk på 2 mill. kr.

Årsaka til meirforbruket er knytt til følgjande område:

- Meirforbruk på drift og vedlikehald på 1,1 mill. kr
- Meirforbruk på 0,25 mill. kr i samband med båttransport m.m. som følgje av stengd veg til Otterdal i Hornindal kommune
- Uføresette kostnader knytt til forlikssak om vintervedlikehald vinteren 2010/2011

Samla meirforbruk på drift og vedlikehald av fylkesvegane vart om lag 1,1 mill. kr. Det vart brukt om lag 7,2 mill. kr meir på vedlikehaldstiltak enn føresett. Dette skuldast i hovudsak fjellreinsk, sikringsarbeid og tunneltiltak. Mindreforbruket på drift var hovudsaklag knytt til innsparing på vinterdrifta. Det vart lagt 123 km nytt dekke og sett opp 25 km rekkverk på fylkesvegnettet i 2012. Tala for 2011 var 175 km nytt dekke og 12 km rekkverk. Dei generelle prisane på drift og vedlikehald synte nasjonalt ein auke på 3,2 prosent frå 2011 til 2012. Til samanlikning var prisstigninga frå 2010 til 2011 på 6,6 prosent.

### Skadefond for fylkesvegnettet

Det vart avsett 50,2 mill. kr til skadefondet. Av dette var 43,35 mill. kr midlar som skal dekke oppbygging av fv. 664 til Otterdal i Hornindal kommune i 2013.

### Fylkestrafikktryggingsutvalet og trafikktryggingstiltak

Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) hadde 7,7 mill. kr til disposisjon i 2012. Av disponibel ramme er det brukt 6,4 mill. kr. Midlane er brukt slik:

- Refleksprosjektet: 1 mill. kr, med eit mindreforbruk på 0,5 mill. kr
- Trafikktryggingstiltak (aksjon skuleveg): 4,6 mill. kr med eit mindreforbruk på 0,4 mill. kr
- Ulike aktivitetar knytt til trafikktrygging: 0,8 mill. kr med eit mindreforbruk på 0,4 mill. kr

### Fylkesvegferjene

Det er sju fylkesvegferjesamband i fylket:

- ✓ Rysjedalsvika-Rutledal-Krakhella
- ✓ Daløy-Haldorsneset
- ✓ Askvoll-Atløy/Askvoll-Fure-Værlandet
- ✓ Dale-Eikenes
- ✓ Smørhamn-Kjelkenes
- ✓ Stårheim-Isane
- ✓ Måløy-Husevågøy-Olleid

Alle sambanda oppfyller krava til opningstid og frekvens i Nasjonal transportplan 2006–2015.

## Årsmelding 2012

Det vart nytta 119,4 mill. kr til fylkesvegferjene i 2012.

Oversikt over ferjetrafikken:

| Nøkkeltal       | 2010    | 2011    | 2012    |
|-----------------|---------|---------|---------|
| Bilar           | 350 394 | 366 671 | 381 578 |
| Passasjerar     | 389 491 | 396 231 | 402 611 |
| Årsdøgertrafikk | 960     | 1 005   | 1045    |

### Tilskott og prosjekt

Det vart utbetalt tilskott til følgjande prosjektet i 2012:

- Stad skipstunnel: 0,5 mill. kr
- Fjellvegen AS: 0,525 mill. kr
- Førdepakken AS: 0,3 mill. kr

Tilskottet til Stad skipstunnel for 2011 på 0,25 mill. kr var utbetalt i 2012.

### Driftsmidlar til investering

Det var nytta 177,4 mill. kr av driftsmidlar til finansiering av investeringane på fylkesvegnettet.

## Veginvesteringar og rassikring

| Fylkesvegføremål | Rekneskap 2010 | Rekneskap 2011 | Rekneskap 2012 | Budsjett 2012 |
|------------------|----------------|----------------|----------------|---------------|
| Investeringar    | 543,8          | 577,4          | 688,5          | 712,9         |

Samla ramme til investeringar var 712,9 mill. kr i 2012.

Det var eit mindreforbruk på dei store prosjekta på 30,7 mill. kr. Investeringane på gang- og sykkelvegar synte eit meirforbruk på 9,4 mill. kr. Samla mindreforbruk på veginvesteringar var 24,4 mill. kr.

Mindreforbruket på dei store prosjekta skuldast i hovudsak lågare utbetalingar enn forventa knytt til forseinkingar på prosjektet fv. 609 Dalsfjordsambandet i 2012.

Meirforbruket på gang- og sykkelvegprosjekta på fv. 611 Naustdal kai – Sæle og fv. 545 Kinnvegen i Flora kommune skuldast høgare utbetalingar i 2012 enn forventa.

Det vart nytta 45,9 mill. kr til rassikringstiltak i 2012. Dette var om lag 1,7 mill. kr meir enn budsjettert. Hovuddelen av rassikringsmidlane er knytt til prosjektet fv. 57/609 Dalsfjordsambandet med 26,3 mill. kr. Det vart nytta om lag 9 mill. kr til fv. 337 Buskredene i Luster kommune i 2012.

Årsmelding 2012

Tabellen under syner ein nærmare oversikt over dei enkelte prosjekta (tal i 1 000-kr)

| <b>Prosjekt</b>                      | <b>Rekneskap</b>   | <b>Budsjett</b>    | <b>Avvik</b>      |
|--------------------------------------|--------------------|--------------------|-------------------|
| Fv. 4 Brandangersundet               | 194 115            | 753 000            | 558 885           |
| Fv. 616 Bremangersambandet           | 134 895 838        | 131 268 000        | -3 627 838        |
| Fv. 57/609 Dalsfjordsambandet        | 348 459 151        | 378 663 000        | 30 203 849        |
| Fv. 60 Olden-Innvik                  | 65 701 071         | 69 208 000         | 3 506 929         |
| Fv. 60 Ugla-Skarstein                | 96 260             | 200 000            | 103 740           |
| <b>Sum store prosjekt</b>            | <b>549 346 436</b> | <b>580 092 000</b> | <b>30 745 564</b> |
|                                      |                    |                    |                   |
| Fv. 608 Askvoll ferjekai             | 985 688            | 948 000            | -37 688           |
| Fv. 61 Maurstad-Møre og R. grense    | 4 300              | 193 000            | 188 700           |
| Fv. 617 Gotteberget-Kappelneset      | 28 365             | 127 000            | 98 635            |
| Fv. 243 Aurland-Stegastein           | 94 473             | 100 000            | 5 527             |
| Fv. 91 Bruland-Strandos              | 4 615              |                    | -4 615            |
| Fv. 572 Sandetunnelen                | 3 478 965          | 3 581 000          | 102 035           |
| Fv. 615 Seljesvora                   | 384 275            | 801 000            | 416 725           |
| Fv. 50 Geiteryggtunnelen-sikring     | 93 000             | 93 000             | 0                 |
| Fv. 57 Sløvåg ferjekai               | 35 129             | 300 000            | 264 871           |
| Fv. 577 Villevika ferjekai           | 12 025             | 80 000             | 67 975            |
| Fv. 724 Olden sentrum                | 1 319 295          | 987 000            | -332 295          |
| Fv. 13 Rørvikfjellet                 | 33 153             | 2 253 000          | 2 219 847         |
| Fv. 365 Pilestredet/Håkesundet bru   | 328 640            | 0                  | -328 640          |
| Fv. 333 Mørkridsdalen                | 1 339 225          | 2 122 000          | 782 775           |
| Fv. 391 Laukeland                    | 31 393 371         | 25 404 000         | -5 989 371        |
| Fv. 7 Kabelferje Hisarøy             | 5 142 847          | 6 159 000          | 1 016 153         |
| Fv. 661 Møteplassar Haugen-Espe bru  | 574 549            | 571 000            | -3 549            |
| Fv. 613 Steindøla bru                | 183 344            | 400 000            | 216 656           |
| Fv. 614 Lysanlegg Svelgen            | 64 502             | 200 000            | 135 498           |
| Fv. 57 Sikring av vegfylling Bygstad |                    | 500 000            | 500 000           |
| Fv. 57 Sikring Saltkjelen            |                    | 460 000            | 460 000           |
| <b>Sum mindre utbetringar</b>        | <b>45 499 760</b>  | <b>45 279 000</b>  | <b>-220 760</b>   |
|                                      |                    |                    |                   |
| Fv.55 Håland-Austreim                | 1 453 880          | 290 000            | -1 163 880        |
| Fv. 611 Naustdal kai-Sæle            | 17 700 192         | 14 173 000         | -3 527 192        |
| Fv. 545 Kinnvegen/Thor Solbergs veg  | 16 509 614         | 11 758 000         | -4 751 614        |
| <b>Sum gang og sykkelvegar</b>       | <b>35 663 686</b>  | <b>26 221 000</b>  | <b>-9 442 686</b> |

| Prosjekt                                    | Rekneskap          | Budsjett           | Avvik             |
|---|--------------------|--------------------|-------------------|
| Rekkverk                                    | 2 310 051          | 2 170 000          | -140 051          |
| TS-Synfaring Sogn                           | 305 563            | 869 000            | 563 437           |
| TS-inspeksjonar / URF                       | -23 000            | -23 000            | 0                 |
| Fv. Lysetjing gangfelt - Sogn               | 10 015             | 515 000            | 504 985           |
| Fv. 50 Tunneltiltak                         | -62 005            | 300 000            | 362 005           |
| Lysetjing gangfelt - Fjordane               | 392 272            | 536 000            | 143 728           |
| Trafikktryggingstiltak fylkesveg            | 46 995             | 44 000             | -2 995            |
| Fv. 481 Angedalsvegen -fartsdempande tiltak | 2 897 266          | 980 000            | -1 917 266        |
| <b>Sum trafikktryggingstiltak</b>           | <b>5 877 158</b>   | <b>5 391 000</b>   | <b>-486 158</b>   |
|   |                    |                    |                   |
| Universell utforming, busslommer            | 825 596            | 547 000            | -278 596          |
| Fv. 609 Busslomme Rivedal                   | 32 467             | 1 561 000          | 1 528 534         |
| <b>Sum kollektivtrafikktiltak</b>           | <b>858 063</b>     | <b>2 108 000</b>   | <b>1 249 937</b>  |
|   |                    |                    |                   |
| Planlegging                                 | 5 838 573          | 8 138 000          | 2 299 427         |
| Forskottering 45-min regionen - Kystvegen   | 263 066            | 1 000 000          | 736 934           |
| <b>Planlegging</b>                          | <b>6 101 639</b>   | <b>9 138 000</b>   | <b>3 036 361</b>  |
|   |                    |                    |                   |
| Fv. 53 Naustbukttunnelen                    | 18 748             | 20 000             | 1 253             |
| Fv. 57/609 Dalsfjordsambandet               | 26 200 000         | 26 200 000         | 0                 |
| Fjellreinsk og isnett Fjordane              | 3 274 503          | 3 000 000          | -274 503          |
| Fv. 152 Algøya                              | 1 184 632          | 500 000            | -684 632          |
| Fv. 55 Ulvåna                               | 2 737 446          | 3 126 000          | 388 554           |
| Fv. 55 Rasvoll Lånefjorden                  | 32 718             | 143 000            | 110 283           |
| Fv. 92 Fjellsikring Bjordal-Matre           | 2 331 984          | 2 000 000          | -331 984          |
| Fv. 337 Buskredene - skredsikring           | 8 952 297          | 8 000 000          | -952 297          |
| Fv. 337 Bjødnabakken                        | 1 144 133          | 1 000 000          | -144 133          |
| Fv. 615 Bukollesvora                        | 3 998              | 200 000            | 196 003           |
| <b>Sum rassikringstiltak</b>                | <b>45 880 456</b>  | <b>44 189 000</b>  | <b>-1 691 456</b> |
|   |                    |                    |                   |
| <b>Til fordeling vegsektoren</b>            |                    | <b>432 000</b>     | <b>432 000</b>    |
|   |                    |                    |                   |
| <b>Sum investeringar</b>                    | <b>689 227 198</b> | <b>712 850 000</b> | <b>23 622 802</b> |

### Store vegprosjekt

#### Fr.57/609 Dalsfjordsambandet

Alle store kontraktar er no inngått på Dalsfjordsambandet. Det vert bygd 5,9 km veg i dagen, bru med fritt spenn på 523 meter og 4,2 km med tunnel. Med tunnelen på Dalesida oppnår ein også rassikring av Nishammaren. Prosjektet medfører nedlegging av ferjestrekninga Dale – Eikenes.

Gjennomslag i Ottersteintunnelen var 24. januar 2012. På grunn av geologiske forhold er Ottersteintunnelen forlenga med 300 meter. På strekninga Eikenes til Steihalsen er det utført store og omfattande sikringsarbeid i fjellskjeringane på grunn av fjellforholda. Prosjektet har òg fått fleire problem med natursteinsmurar bygd i 70-åra

## Årsmelding 2012

som har vist seg å vere for därleg utført. Desse må byggjast opp på nyt.

Entreprenøren NCC har teke ut stevning mot Sogn og Fjordane fylkeskommune på kontrakten som gjeld veg og tunnel. Partane aksepterte ikkje retten sitt forslag om rettsmekling. Det vert hovudforhandlingar i mai 2013.

Ferdigstilling av veg og tunnel Nishammaren i Fjaler er planlagt i april/mai 2013, nordsida Eikenes – Ottersteinen i mai 2013.

Dalsfjordsambandet skal etter planen stå ferdig i desember 2013.

### Fv. 616 Bremangersambandet

Bremangersambandet omfattar ny veg med gang og sykkelveg/fortau frå Kolset til Leirgulen, utbetring av heile strekninga Leirgulen – Bortnen, og ny veg og tunnel frå Bortnen til Sørdalsvatnet på fv. 614 i Bremanger kommune.

Utbygginga omfattar bygging og utbetring av totalt 11,9 km veg mellom Kolset og Sørdalsvatnet. Av dette er 4,8 km ny tunnel, 0,2 km utviding av eksisterande tunnel og 6,9 km veg. I prosjektet ligg òg bygging av 2 km gang- og sykkelveg mellom Kolset og

Leirgulen. Prosjektet medfører nedlegging av ferjestrekninga Smørhamn – Kjelkenes.

Prosjektet er no i sluttfasen og veganleggget skal opnast 16. mai 2013.

### Fv. 60 Olden – Innvik

Prosjektet omfattar utbetring av delstrekningar mellom Olden og Innvik i Stryn kommune. I desember 2011 vedtok fylkestinget løyving til bygging av Agjeldtunnelen på 0,9 km og 1,1 km veg i dagen.

Entreprenøren hadde ved årsskifte drive 855 av 900 meter tunnel, det var gjennomslag i tunnelen i veke 4 i 2013. Det er utført sikringsabeid over fjellskjeringsar på veg i dagen, fylling i sjø og sprenging for veg i dagen er under arbeid.

Frist for ferdigstilling av kontrakt er 1. september 2014. Elektrokontrakt er planlagt utlyst vinteren 2013 med oppstart hausten 2013. Planlagt ferdigstilling er hausten 2014.

### Vegopningars

Det var ikkje vegopningars på fylkesvegnettet i 2012.

## Nøkkeltal for fylkesvegnettet

Tabellen under viser ein del nøkkeltal for fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane pr. 31.12.12.

|   | 2009    | 2010    | 2011    | 2012*   |
|---|---------|---------|---------|---------|
| Fylkesveglengde, km                               | 1 443   | 2 577   | 2 594   | 2594    |
| Tal køyretøy i Sogn og Fjordane                   | 102 761 | 105 618 | 108 433 | 111 257 |
| Tal personbilar i Sogn og Fjordane                | 49 161  | 50 559  | 51 689  | 52 835  |
| Trafikkkulukker med personskader, totalt i fylket | 129     | 122     | 133     | 82*     |
| Trafikkkulukker med personskader, på fylkesveg    | 15      | 48      | 57      | 39*     |
| Spordjupne på dekke mm                            | 25,3    | 19,6    | 19,5    | 19,1    |
| Jamnheit (IRI-verdi)                              | 5,3     | 5,1     | 5,1     | 5,0     |
| Aksellast 10 tonn utanom teleloysinga, i %        | 73,3    | 85,8    | 85,8    | 86,1    |
| Tunnelar med fri høgd under 4 m:                  |         |         |         |         |
| • Tal tunnelar                                    | 9       | 17      | 17      | 17      |
| • Samla lengde, meter                             | 5 826   | 8 572   | 8 572   | 8572    |
| Oppsett rekverk (km)                              |         | 6,7     | 12      | 25      |
| Nytt dekke (km)                                   |         | 122     | 175     | 123     |
| Nye gang- og sykkelvegar (km)                     |         | 1,7     | 1,7     | 0       |
| Ny fylkesveg (km)                                 |         | 14,6    | 3,4     | 0       |

\*) Då det erfaringsvis blir rapportert inn nokre ulykker inn i påfølgjande år tek vi atterhald om at endeleg tal ulykker kan bli noko høgre.

## Årsmelding 2011

Tala må sjåast i lys av at fylkeskommunen overtok 1 134 km med tidlegare riksvegar frå 1. januar 2010.



Bygging av brufundament på Dalsfjordbrua. Foto Sogn og Fjordane fylkeskommune.

## Fylkestingssaker for samferdsle

- 1/12 Konseptvalutgreiing E39 Skei – Ålesund, fråsegn  
18/12 Gang og sykkelveg ved fv. 545 Kinnvegen, revidert kostnadsoverslag  
20/12 Rassikring - fordeling av midlar  
21/12 Fv 664 Otterdalsstranda - val av løysing for utbeting av skade etter uver  
23/12 Rassikring - fordeling av midlar  
29/12 Rassikring av fv. 337 Veitastrondsvegen ved Bjørnabakken  
31/12 Nasjonal transportplan 2014-2023, fråsegn  
34/12 Forslag til riksvegbudsjet 2013, fråsegn  
43/12 Tertiarrapport 2/12  
50/12 Revidering av delegerings- og innstillingsreglementet  
57/12 Budsjett 2013/ Økonomiplan 2013-16  
60/12 Sognebåten  
61/12 Skyssreglement for grunnskulen i Sogn og Fjordane  
64/12 Ekstraordinært tunnelvedlikehald 2013-2014

## Saksoversyn 2012

- 1/12 Konseptvalutgreiing E39 Skei – Ålesund, fråsegn  
2/12 Kommersielle ruter i Sognefjorden  
3/12 Skriv og meldingar  
4/12 Kommersielle ruter i Sognefjorden  
5/12 Kjøp av person- og godsruter 2012  
6/12 Fylkesbudsjett 2012 - Fordeling av planleggingsmidlar fylkesveg  
7/12 Fylkesbudsjett 2011 - Midlar til mindre rassikringstiltak  
8/12 Fylkesbudsjett 2012 - Til fordeling - vegsektoren 1. fordeling  
9/12 Endring av fartsgrenser for buss, trafikkreglane paragraf 13 nr 4 - høyring oversendingsbrev  
10/12 Søknad om ruteløyve for strekninga Vadheim - Bergen, Bergen - Sogndal  
11/12 Søknad om fråvik frå vognormalane sine krav til stigning  
12/12 Selskapsvogn-krav til materiell  
13/12 Omklassifisering av delstrekningar fv 4 i Gulen kommune  
14/12 Førdepakken as - innbyding til aksjeteikning Nye vegprosjekt i Førde  
15/12 Avtale for sykkelenbyen Førde  
16/12 Skriv og meldingar 2012  
17/12 Serviceskyss 2012  
18/12 Gang og sykkelveg ved fv. 545 Kinnvegen, revidert kostnadsoverslag  
19/12 Skriv og meldingar - Hovudutval for samferdsle 14. mars 2012  
20/12 Rassikring - fordeling av midlar  
21/12 Fv 664 Otterdalsstranda - val av løysing for utbeting av skade etter uver  
22/12 Skriv og meldingar  
23/12 Rassikring - fordeling av midlar  
24/12 Årsmelding 2011 - Hovudutval for samferdsle  
25/12 Tertiarrapport 1/12  
26/12 NOx-avgift til fordeling 2012  
27/12 Ruteprogram flyruter på kortbanenettet, fråsegn  
28/12 Ny driftskontrakt for Yte Sunnfjord for perioden 2013-2018. Standard på drifts- og vedlikehaldsoppgåver - Endring  
29/12 Rassikring av fv. 337 Veitastrondsvegen ved Bjørnabakken  
30/12 Konseptvalutgreiing Rv. 15 Strynefjellet, fråsegn

## Årsmelding 2012

- 31/12 Nasjonal transportplan 2014-2023, fråsegn  
32/12 Skriv og meldingar til Hovudutval for samferdsle  
33/12 I/S Fjordvegen - Valg av styremedlem 2012 - 2014  
34/12 Forslag til riksvegbudsjet 2013, fråsegn  
35/12 Omklassifisering av gammal E16 Borlaug-Brusestølen i Lærdal kommune, fråsegn  
36/12 Budsjett 2013 / Økonomiplan 2013-16; Utfordringar og satsingar  
37/12 Søknad om bruk av utviklingsmidlar - Bussanbod  
38/12 Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2014 - 2023 Framlegg til planprogram  
39/12 Skriv og meldingar - hovudutval for samferdsle  
40/12 Bruk av resterande midlar frå Høyanger Gulen bompengeselskap  
41/12 Skriv og meldingar - hovudutval for samferdsle 25.09.2012  
42/12 Midlar til Tilrettelagd transport 2012 - Ekstraløyving  
43/12 Tertiärrapport 2/12  
44/12 Budsjett 2013 / Økonomiplan 2013-2016 Samferdsle  
45/12 Namn på ny tunnel på fv. 391 i Gauldal kommune  
46/12 Fylkeskryssande bussrute mellom Nordfjord og Sunnmøre  
47/12 Fastlandssamband til Atløy Søknad om tilskot til utarbeiding av kommunedelplan  
48/12 Fv. 243 Varahaug bru - søknad om fråvik  
49/12 Omklassifisering av vegnettet som følgje av Kvivsvegen  
50/12 Revidering av delegerings- og innstillingsreglementet  
51/12 Omklassifisering av veg utanfor Holentunnelen  
52/12 Omklassifisering av vegnettet som følgje av omlegging E 39 Birkeland - Sande nord  
53/12 Avtale om leige av rutebilstasjonar  
54/12 Målekart for samferdsle 2013  
55/12 Skriv og meldingar - Hovudutval for samferdsle  
56/12 Møteplan 2013 - Hovudutval for samferdsle  
57/12 Budsjett 2013/ Økonomiplan 2013-16  
58/12 Takstar i Florabassenget  
59/12 Omklassifisering av vegnettet som følgje av Kvivsvegen  
60/12 Sognebåten  
61/12 Skyssreglement for grunnskulen i Sogn og Fjordane  
62/12 Skriv og meldingar - Hovudutval for samferdsle.  
63/12 Fv. 152 Allgøya - søknad om fråvik frå vegenormalane  
64/12 Ekstraordinært tunnelvedlikehald 2013-2014  
65/12 Skriv og meldingar - Hovudutval for samferdsle 10.12.2012

## Målekart – samferdsle

Resultat sett i høve til vedteke målekart for 2012.

| <b>STRATEGISK FOKUSOMRÅDE: TENESTEPRODUKSJON/ BRUKARPERSPEKTIVET</b> |  |
|--|--|
| T1   | Kritisk suksessfaktor: Tilby eit kollektivtilbod (buss og båt) innanfor gjevne budsjetttrammer   |
| T1-1   | Måleindikator: Oppretthalde rutetilbodet på buss i 2012<br>Det var ikkje endringar i rutetilbodet på buss i 2012.  |
| T1-2   | Måleindikator: Redusert tilbod på bilførande kapasitet i Florabassenget, samt bortfall av bilførande kapasitet på Kystvegekspresen<br>Det var redusert kapasiteten på bilførande båtar i Florabassenget i ein overgangsperiode på om lag eit halvt år i 2012. Frå 1.5.12 var det ikkje bilførande kapasitet på Kystvegekspresen. |
| T2   | Kritisk suksessfaktor: Serviceskyss  |
| T2-1   | Måleindikator: Oppretthalde tilbodet med serviceskyss på dagens nivå<br>Serviceskyssen vart vidareført på same nivå som i 2011.  |
| T3   | Kritisk suksessfaktor: Tilfredsstillande skuleskyss  |
| T3-1   | Måleindikator: Sitteplass til alle med rett til skuleskyss<br>Det er sitteplass til alle med rett til skuleskyss.  |
| T3-2   | Måleindikator: Setebelte i alle nye bussar som vert kjøpt inn i 2012. Innarbeide krav om setebelte i bussanboda<br>Det er setebelte i alle nye bussar og innarbeid som krav i bussanboda.  |
| T4   | Kritisk suksessfaktor: Tilbod om tilrettelagt transport (TT)   |
| T4-1   | Måleindikator: Tilrettelagt transport i alle kommunar<br>Det er tilrettelagt transport i alle kommunar.  |

| <b>STRATEGISK FOKUSOMRÅDE: REGIONAL UTVIKLINGSAKTØR</b> |  |
|---|--|
| R1  | Kritisk suksessfaktor: Vurdere nivået på kollektivtilbodet (buss)  |
| R1-1  | Måleindikator: Starte arbeidet med å definere nivå på tenestene<br>Minstetilbod på båt fastlagt og sett i verk gjennom anbod båt. Dagens rutetilbod på buss lagt til grunn for bussanboda. Nordfjord lyst på anbod i 2012. |
| R2  | Kritisk suksessfaktor: Samarbeid med rutebilselskapa, drosjenæringa, kommunane og andre aktørar  |
| R2-1  | Måleindikator: Ruteplanarbeid<br>Gjennomført rutemøte. Kommunane og andre har fått høve til å kome med innspel.  |
| R2-2  | Måleindikator: Fylkeskommunen opprettheld sine forpliktingar i høve avtalar som er inngått<br>Alle forpliktingar i inngåtte avtalar er oppretthaldne.  |
| R2-3  | Måleindikator: Jamlege møte med drosjenæringa<br>Møte med drosjesentralar.   |
| R3  | Kritisk suksessfaktor: Marknadstilpassa tilbod innan samferdsla i fylket   |
| R3-1  | Måleindikator: Justering av eksisterande tilbod etter behov.<br>Det vart gjort mindre justeringar etter behov.   |
| R3-2  | Måleindikator: Tal passasjerar eksklusiv skuleelevar<br>Tal passasjerar auka med om lag 77 400 frå 2011 til 2012.  |
| R4  | Kritisk suksessfaktor: Samarbeidsmøte med kommunane og Statens vegvesen  |
| R4-1  | Måleindikator: Tal møte pr. år<br>Det er gjennomført 5 møte i 2012.  |
| R5  | Kritisk suksessfaktor: Sikre eit godt grunnlag for prioritering av investeringar på fylkesvegnettet  |

|  |  |
|--|--|
|  | Måleindikator: Fylkesvegplan med strekningsvise utgreiingar<br>Arbeidet med Regional transportplan starta opp i 2012. Det vart laga 8 strekningsvise utgreiingar i 2012. |
|--|--|

| <b>STRATEGISK FOKUSOMRÅDE: RAMMEVILKÅR/ ØKONOMI</b> |   |
|---|---|
| Ø1  | Kritisk suksessfaktor: God økonomistyring   |
| Ø1-1  | Måleindikator: Avvik mellom budsjett og rekneskap<br>Mindreforbruk på 11,4 mill. kr tilsvarende om lag 1 % avvik  |
| Ø2  | Kritisk suksessfaktor: Effektiv produksjon av kollektive tenester – høg utnyttingsgrad  |
| Ø2-1  | Måleindikator: Kostnad per produsert eining<br>I 2012 var km - kostnaden for fylkeskommunen sitt kjøp av tenester fra rutebilselskapa kr 24,70 pr. km. Km - kostnaden var 3,5 pst. høgare i 2012 enn i 2011.                  |
| Ø2-2  | Måleindikator: Beleggsprosent på kollektive transportmiddel<br>Beleggsprosent på buss var i 2012 på 27 % , i 2011 var beleggsprosenten 25 %.<br>Beleggsprosent på båt var i 2012 på 24 %, i 2011 var beleggsprosenten 24,1 %. |
| Ø3  | Kritisk suksessfaktor: God gjennomføring av investeringar og drifts- og vedlikehaldstiltak  |
| Ø3-1  | Måleindikator: Gode styrings- og rapporteringsrutinar for store vegprosjekt og drifts- og vedlikehaldstiltak<br>Styring og rapportering utført i samsvar med leveranseavtale 2012.  |



**SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE**

Fylkesrådmannen  
Fylkeshuset  
Askedalen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 65 61 00  
E-post: [postmottak.sentraladm@sfj.no](mailto:postmottak.sentraladm@sfj.no)  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no)

Foto: Ole Ingar H. Hæreid